

Valbjør

Av Knut Raastad, 2017



Valbjør gnr. 73 bnr. 1 ligg i øvre Nordherad. Valbjør er nemnd frå 1495 da som i Walberghæ, Warbergh 1527, Valbergh 1527, Walbergh 1558, Walberrig 1578, Walldberrig 1594, Waldberg 1604, Valberig 1668, Walberg 1723. I 1495 er nemnd søndre og nordre og i 1527 nordre, Valbjør var da delt.

Erland Trondsen Valbjør er omtala i brev frå 1495 da ha selde garden sin sygard Valbjør med Krokekra i nørre Valbjør til Lasse Munk, desse eiedommane vart 1558 teke attende på odel av Erik og Jon Trondssønner. Syster til Erland, Gunhild Trondsdr. eigde halvparten av nordgard Valbjør og gav dette til biskopen mellom 1488 og 1504. Valbjør er nemnd som fullgard i jordebok 1577 og seinare og i bygningsskatten 1604.

Trond Einridson Tunnøl f.ca.1475 d.etter 1533 var gift med ei som ætta frå Erland Trondsen.

Erik Trondsen Tynnøl (Bjølstad) f.ca.1500/1510, g.ca.1540 m. Tora Eysteinsdr. Bratt f.ca.1510 d.før.1606

Trond Eriksen Valbjør f.ca.1550 d.1638, g.ca.1580 m. Eline Mikkelsdr. Munk Blakar f.ca.1560 d.etter.1620, dotter til Mikkel Lauritsen Munk på Blakar. Trond og Eline hadde 4 barn:

Per f.ca.1580 d.etter 1672, neste brukar

Ingjerd f.ca.1595 d.før 1678, g.m. Pål Ivarson Harildstad n. (Kvikne) f.ca.1596 d.ca.1664

Erik f.ca.1595/1600 d.før 1665, Blessum

Gunhild f.ca.1600 d.1675-1678, g.m. Sigurd Ivarson Øi ø. 1595-1675

Per Trondsen Valbjør f.ca.1580 d.etter 1672 var gift med Anne Ivarsdotter Sandbu ø-s f.ca.1591. Koppskatten 1645 nemner Peder Walberg og hustru og også svigersonen Jacob Walberg og hustru, så da var baa generasjonane brukarar. Skattematrikkelen 1647 nemner Peder Walberg som brukar av 5 huder, og bonden sjølv var eigar. Per og Anne hadde 2 barn:

Eli f.ca.1615 d.etter 1697, neste brukar

Rønnaug f.ca.1620 d.etter 1695, g.m. Lars Olsen Øi n. f.1609 d.1695

Eli Persdotter Valbjør f.ca.1615 d.etter 1697 var gift med Jakob Gunnarson Fellese f.1612 d.før 1682. Manntal 1666 og matrikkel 1668 nemner Valberg som fullgard med skyld 6 huder og at oppsitjaren Jacob Valberg eigde 5 huder 5 skinn medan reisten hadde andre eigarar. Eli og Jakob hadde 7 barn:

Ingeleiv d.1697, g.m. Øistein Eriksen Kongsli 1639-1685. På Kvarberg u.

Else, ugift

Trond f.1641 d.ca.1722, neste brukar

Gunder f.1644, ugift

Ivar f.1650, ugift

Siver d.1720, g.m. Kari Nilsdr. Øi ø. d.1714

Anne d.etter 1717 (Bøje i Skjåk)

Matrikkelen 1668 nemner at Valbjør hadde sommarseter i Griningsdalen, medan vårsetrer var Valbjørsseter (dette må vera i Nordheradslia, nå Bergesetra).

Trond Jakobsen Valbjør f.1641 d.ca.1722 var gift andre gong med Barbro Larsdotter Gaukstad (Lom) 1669-1744 dotter til Lars Rasmussen Gaukstad 1632-1717 og Goro Nilsdr. Prestgard (Skjåk) f.ca.1640 d.1722 (ukjend kven som var fyrste kona til Trond). Skoskatten 1711 nemner Thron Walberg og 5 barn, men vi har oversikt over at Trond og Barbro hadde 2 barn:

Lars 1706-1788, seinare brukar

Gunder 1709-1758, g.m. Ragnhild Andersdr. Viste f.1716/1718. På Sandnes og Gaukstad.

P.g.a. økonomiske vanskar måtte Trond Jakobsen Valbjør før 1711 overdra Valbjør til Tjøstol Torstensen Kleppe n. f.ca.1666 d.1724. Skoskatten 1711 nemner Tjøstol Tostensen Walberg med 2 barn. Tjøstol Kleppe f.ca.1666 d.1724 son til Torstein Knutsen Kleppe n. 1624-1700 og Brit Tordsdr. Bjølstad f.ca.1624 d.1698. Tjøstol var gift med Synnøve Persdr. Sandbu f.ca.1667 d.ca.1700 dotter til Per Amundsen Sandbu f.1639 d.ca.1681 og Kari Syversdr. Håkenstad f.ca.1645 d.1683. Tjøstol og Synnøve hadde 1 barn:

Torstein f.ca.1698 d.før.1724, g.m. Ingebord Eriksdr. Kvarberg ø. d.etter.1724

Tjøstol gift andre gong med Barbro Jakobsdr. Austrem f.før.1685 d.1740 dotter til Jakob Endresen Austrem og Randi Knutsdr. Tjøstol og Barbro hadde 3 barn:

Berthe f.1706

Randi f.ca.1710, g.m. Stener Ryen

Oluf f.1714

Seinare overdrog Tjøstol garden til Anders Olsen Viste 1661-1742. Dottera hans, Ingebjørg Andersdotter Viste d.1745 vart gift med Lars Trondsen Valbjør 1706-1788 og dei overtok Valbjør. Ingebjørg og Lars hadde 1 barn:

Barbro 1744-1824, g.m. Ola Olsen Storvik s.1736-1827. På Storvik s.

Lars vart gift på nytt med Eldri Tordsdotter Bjølstad 1710-1783, dotter til Tord Tordsen Bjølstad 1661-1739 og Guri Olsdr. Slette 1675-1751. Lars og Eldri hadde 1 barn:

Trond 1749-1807, neste brukar

Trond Larsen Valbjør 1749-1807 var gift med Barbro Pålsdotter Tolstad 1755-1807 dotter til Pål Hansen Tolstad 1734-1812 og Mari Pålsdr. Tofte 1740-1812. Trond og Barbro hadde 6 barn:

Eldri 1779-1836, g.m. Knut Olsen Storvik s. 1777-1842. På Storvik s.

Guri 1783-1804, ugift

Mari 1787-1808, ugift

Pål 1789-1827, neste brukar

Barbro 1793-1878, g.m. Pål Pålsen Sandbu ø-n 1793-1873

Lars 1798-1847, ugift

Pål Trondsen Valbjør 1789-1825 var gift med Mari Tordsdotter Kleppe n. 1789-1839, dotter til Tord Knutsen Kleppe 1748-1824 og Guri Hansdr. Holbø 1854-1797. Pål Trondsen fekk skjøte frå faren i 1807. Pål og Mari hadde 5 barn:

Trond 1811-1883, neste brukar

Barbro 1814-1842, ugift

Guri 1817-1874, g.m. Hans Pålsen Tolstad 1819-1890. På Tolstad.

Tord 1819-1897, g.1854 m. Aase Olsdr. Kleppe s. 1830-1921. På Kleppe s.

Mari 1821-1850, g.m. Amund Johannessen Austrem 1819-1857. På Holbø og Sunde.
Mari Tordsdotter 1789-1839 vart gift på nytt i 1826 med Johannes Øisteinsen Kvarberg ø.
1802-1876, son til Øistein Eriksen Kvarberg 1768-1834 og Imbiør Johannesdtr. Sunde 1771-
1856. Mari og Johannes hadde 3 barn:

Pål 1827-1872

Ymbjørg 1830-1908, g.m. Syver Eriksen Garmo ø 1828-1885. På Garmo.

Guri 1833-1911, g.m. Øistein Eriksen Garmo ø. 1834-1909. På Garmostrædet.

Trond Pålsen Valbjør 1811-1883 vart 1840 gift med Ymbjørg Øisteinsdotter Kvarberg u.
1810-1897 (syster til Johannes Øisteinsen). Trond og Ymbjørg hadde 4 barn:

Pål 1839-1900, ugift

Barbro 1842-1889, ugift

Mari 1844-1894, ugift

Øistein 1848-1917, ugift

Ola Tordsen Kleppe s. 1862-1925 overtok Valbjør. Han var son til Tord Pålsen Valbjør 1819-
1897 (på Kleppe) og Aase Olsdtr. Kleppe s. 1830-1921. Ola overtok såleis etter onkelen
Trond og Ymbjørg som var tanta til mora. Ola Tordsen var gift med Gunhild Pålsdotter Sve
1865-1945 dotter til Pål Pålsen Sve 1823-1885 og Barbra Jensdtr. Tronhuus 1831-1911. Ola
og Gunhild dreiv både Valbjør og Kleppe s., dei hadde 2 barn:

Aslaug 1893-1991, g.m. Ola Hansen Aasen 1891-1965, på Kleppe.

Tor 1896-1980, neste brukar

Tor Olsen Valbjør/Kleppe 1896-1980 overtok Valbjør i 1925. Han var gift med Anna
Andersdotter Lundh 1893-1977, dotter til Anders Petersen Molbech Lundh 1851-1930 og
Julie Karoline Kristensen 1854-1914. Tor og Anna hadde 1 barn:

Gunhild f.1925, neste brukar

Gunhild Torsdotter Valbjør f.1925 var gift med Leif Løchen f.1921 son til Finn Løchen og
Ingeborg Welhaven. Gunhild og Leif overtok i 1954, dei budde på Lillehammer 1964-88. Dei
leigde bort garden 1964-84 til Norsk Sau- og Geitalslag som forsøksgard for geit. Gunhild og
Leif hadde 4 barn:

Thor f.1949, ugift

Kai f.1952, neste brukar

Aase f.1954, g.m. Roger Næss f.1949

Live f.1954, g.m. Magnus Klævahaugen

Kai f.1952 overtok i 1985, han vart 1981 gift med Live Hosar (Skjåk) f.1953 dotter til Hans
O. Hosar f.1911 og Torbjørg Moen f.1920. Kai og Live har 2 barn:

Anna Yoraima f.1982, neste brukar

Pål Alexander f.1985

Anna Valbjør f.1982 overtok i 2013. Ho er gift med Joachim Nyhus frå Skjåk.

I 1668 vart det på Valbjør fødd 50 fe, det var 7 hestar og det vart sådd 13 tønner.

I 1865 var det på Valbjør 7 hestar, 50 kyr, 60 sauer, 30 geit og 5 grisar. Det vart sådd 10
tønner bygg og 4 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, Slekten på Valbjørg

Slekten på Kleppe

Norske Gardsbruk 1953-1997

Opplandarkivet Vågå: avskrifter panteregister, pantebøker mm.

Koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum

Folketeljing 1865

Jakup Skjedsvoll: avskrifter jordebøker m.m.